

Innspel om mediepolitikk

Til Medietilsynet

innspill@medietilsynet.no

frå Landslaget frå lokalaviser 27. mai 2025

Vi takkar for å få kome med innspel i samband med at Medietilsynet skal gå gjennom dei ulike ordningane for direkte mediestøtte.

Dette er det viktigaste for lokalavisene dei neste fire åra.

- Auka produksjonstilskott til lokalavisene
- Sikre fast langsiktig finansiering av samarbeidsdesken
- Auka innovasjonsstøtte til lokalavisene
- Ny støtteordning til satsing mot unge vaksne og ungdom
- Aksjonsfond – journalistisk løft for små redaksjonar når det verkeleg trengst / ved større hendingar/saker.
- Auka støtte til kompetansetiltak
- Plattformnøytralt momsfritak på journalistikk – også levande lyd og bilede.

Vår vurdering av status per mai 2025

- Auka produksjonstilskott har vore avgjerande viktig for lokalavisene
- Frå år med gode ord om lokalavisene til hard valuta gjennom auka produksjonstilskott dei siste fem-seks åra har vore heilt avgjerande for at lokalavisene kom gjennom Covid-pandemien og henta seg inn etterpå slik at dei har klart å levere på samfunnsoppdrag og digitalisering i åra etterpå.

Målretta tilpassingar av produksjonsstøtta, som ekstra støtte til dei minste lokalavisene og plattformnøytralt Nord-Norge tillegg har vore, og er viktig for å ta vare på og styrke det unike mediemangfaldet vi har i landet vårt.

- Samarbeidsdesken

Samarbeidet mellom LLA, NRK, SUJO og nær hundre lokalaviser om undersøkende journalistikk har gitt mange lokalaviser eit løft som er viktig både for å løyse samfunnsoppdraget med viktig journalistikk og for å halde på abonnentane inn i ei krevjande framtid.

- Innovasjonsstøtte

Innovasjonsstøtta har vore og er viktig for lokalavisene. Innovasjonsstøtta har gitt store synlege resultat, og vi i LLA er stolte over kva lokalavisene har fått til med hjelp av innovasjonsstøtte. Redusert krav til eigenfinansiering er viktig for at dei minste avisene som treng støtta mest, har mulegheit til å søke om og gjennomføre innovasjonsprosjekt.

- Kompetanse – LLA deler, informerer og inspirerer

LLA har dei siste åra hatt over 700 deltakarar kvart år på skreddarsydde kompetansetiltak for dei mindre lokalavisene. Vi organiserer og leverer alt frå sentrale konferansar og seminar med variert fagleg program for journalistar, til bedriftsinterne kurs, kurs for redaktørar og ikkje minst

digitale webinar. I tillegg driv LLA idébanken som er navet i deling av god journalistikk som blir levert både i medlemsaviser og som vi fangar opp hos andre medier.

- **Distribusjon av papiraviser**

Kompensasjonsordninga med anbod på avisdistribusjon frå Posten reduserte frekvens har vore heilt avgjerande viktig for lokalavisene landet rundt. For sjølv om dei fleste er kome langt i digitaliseringa er dei fleste avhengig av papiravisa for å finansiere journalistikken.

- **Mørke økonomiske skyer**

Lokalavisene held god stand når det gjeld opplag og brukarbetaling. Men som for resten av mediebransjen er annonseinntektene fallande. Samstundes er det høg kostnadsvekst. Det er krevjande for dei mange lokalavisene som frå før har små økonomiske marginar. Tal frå Medietilsynet viser og at dei minste lokalavisene har sårbar økonomi.

Hovudpunkt frå LLA om fireårige styringsignal for mediestøtte

Lokale nyheiter er demokratiets oksygen, den mest pålitelege kjelda for den mest essensielle informasjonen, og vi har lenge visst kvifor døyande nyheitsredaksjonar skadar lokalsamfunn.
(Sitat frå Washington Post)

Lokalavisene landet rundt gir i dag eit unikt mediemangfald der dei fleste lokalsamfunn har ei lokalavis. Lokalavisene er avgjerande for den lokale samtalen og avgjerande for eit velfungerande reelt lokalt demokrati. Lokalavisa er førstelinje i den digitale motstandskrafta i samfunnet. For at lokalavisene skal kunne levere på det store samfunnsoppdraget treng dei ressursar til å lage god og viktig journalistikk. Det er lokalavisene som er nærast innbyggjarane og det er kommunane som leverer dei fleste tenester til innbyggjarane rundt om i heile landet. Vi lever alle våre liv lokalt.

Det er viktig å ikkje setja i spel det som har fungert over tid; nemleg momsfratak for journalistikk produksjonstilskott, innovasjonsstøtte, støtte til kompetansetiltak, lisens for etermedia, TV2s konsesjon som riksdekkande reklamekanal, og ein sterk lisensfinansiert allmennkringkastar, NRK.

- **Produksjonstilskott – Løft til lokalavisene nødvendig**

I all hovudsak har rammevilkåra fungert godt over tid, noko eit stabilt medielandskap og endåtil ein god del nyetableringar av blant anna lokale medier er dørme på.

Men for å møte ei krevjande framtid med mørke skyer for medieøkonomien, spesielt i dei minste lokalavisene, er det heilt nødvendig med auke i støtta. Vi vil få peike på at kvar lokalavis har relativt liten støtte og at dei mange lokalavisene landet rundt samla framleis har under halvparten av samla produksjonstilskott. LLA vil framheve at støtta til lokalavisene verkeleg gir resultat både i mediemangfald og viktig journalistikk i dei forskjellige lokalsamfunn rundt om i heile landet. Lokalavisene er grunnfjellet i mediemangfaldet.

LLA meiner at med dei endringane som er i medieøkonomien er det nødvendig å vurdere om opplagsgrensa for å få produksjonstilskott blir utvida, til dømes til 12.000. Her kan det og vere vel

så aktuelt å sjå på andre faktorar enn opplag. LLA vil foreslå å vurdere omsetning, og behov, som nå.

LLA vil peike på at det er viktig med avgrensingar i kva medier som skal inngå i støtta som nisjemedier. Det kan og sjå ut til at kravet til å få status som nr.2-medic er gjort lettare. Det er viktig at forskriftene og praksis av desse er slik at støtteordningane både er i samsvar med overordna mål for mediestøtta og samstundes opplevast rettferdig både for dei som får og ikkje får produksjonstilskott.

LLA meiner at produksjonstilskottet bør vere ein rettighet og slik medverke til at støttebeløpa er meir føreseieleg. Det vil og justere at tilgang og avgang av aviser i ordninga ikkje vil påverke støttebeløp. Dei siste åra har nye medier som kvalifiserer til støtte gjort at støtta til mange medier som alt er i ordninga har blitt redusert. Dersom rammeløyving blir vidareført må det tilførast midlar i ramma som tar høgde for at det kjem inn fleire medier som har rett på tilskott.

«Det nåværende tidsvinduet bør utnyttes til å argumentere for økt mediestøtte til lokalavisene, med utgangspunkt i den svenske mediestøttenemndas formulering»: «Mediestödets syfte är att stärka demokratin genom att främja allmänhetens tillgång till oberoende nyhetsförmedling av hög kvalitet». Torry Pedersen, tidligere VG-redaktør etter rundreise i lokalavis-land.

- Innovasjonsstøtte – frå digital omstilling til omstilling av det digitale
Lokalavisene og spesielt dei mindre uavhengige mediene er heilt avhengig av ressursar for å klare den krevjande digitaliseringa. Innovasjonsstøtta har vore og er svært viktig, spesielt for desse avisene.

LLA er glad for at det i den pågåande endringa av forskriftene blir stadfesta at hovudmålet med innovasjonsstøtta er at støtta først og fremst skal rettast mot dei mindre redaksjonane, og at tiltak for å hjelpe desse redaksjonane må vidareførast og styrkast.

LLA vil også i denne omgang få peike på at definisjonen av kva som er innovasjon ikkje er objektiv. Det er stor skilnad i kor langt dei enkelte mediene er komne i digital utvikling. Innovasjons- og utviklingsstøtta må prioritere hjelp til å løfte dei som er komen kort, gjerne gjennom fellestiltak for mange medier, samarbeidsprosjekt mellom fleire medier, men og støtte til behov hos enkeltmedier.

LLA set pris på at praktiseringa av ordninga til nå tar høgde for desse vurderingane.

LLA ser det viktig at lokale medier ikkje misser fart i digital utvikling både i kunnskap og teknologi.

LLA meiner difor at dersom ein ønskjer å opne for støtte til nye grupper medier med mindre krav til redaksjonell breidde må dette organiserast som eigen støtteordning med eigne forskrifter og eigen budsjettpost. Desse midlane må kome som eit tillegg (ekstra løyving) til ordninga som alt i dag har søknader som langt overstig ramma som er tilgjengeleg.

LLA anerkjenner at alle medier som kan bidra til mediemangfald er viktige og treng gode rammevilkår. Men vi vil understreke at dei lokale breiddemediene er sjølv grunnfjellet i mediemangfaldet, og heilt avgjerande for demokrati og samfunnsliv i sine lokalsamfunn. Desse må prioriterast, saman med lokalradioane som vi nå ser har svært sårbar økonomi og treng støtte til å utvikle sitt redaksjonelle tilbod til publikum.

Det er ingen grunn til å tru anna enn den teknologiske utviklinga vil halde fram med minst samme store fart som i dag. Dette krev rask omstilling og innovasjonsstøtta er avgjerande viktig spesielt for at dei mindre lokalavisene skal klare å henge med i utviklinga. Innovasjonsstøtta må difor aukast.

- Tiltak for å nå unge vaksne og ungdom

Tal frå Medietilsynet og mediene sjølv viser at redaktørstyrte medier ikkje i tilstrekkeleg grad når unge vaksne og spesielt svake tal for ungdom. Dette er ei utfordring som er viktig for samfunnet at redaktørstyrte medier klarer å løyse. Her trengst kraftfulle innovasjonstiltak for å prøve å finne ut korleis ein kan nå fram betre til desse gruppene i samfunnet. LLA ser det slik at dette er innovasjon, men samstundes er det viktig at tiltaka inkluderer flest muleg og ikkje krev for omfattande søknadsprosessar. Dette kan løysast ved føringar i ei ekstra løyving øyremekra tiltak mot unge vaksne og ungdom.

- Samarbeidsdesken – eit viktig løft for undersøkende lokaljournalistikk

Samarbeidsdesken er eit banebrytande samarbeid mellom LLA, NRK og Senter for undersøkende journalistikk (SUJO), som styrkjer den undersøkende journalistikken i dei mindre lokalavisene. Desken er eit viktig bidrag for å sikre at lokalavisene framleis er relevante, kritiske og betalingsverdige for innbyggjarane sine – i ei tid der brukarane stiller stadig større krav. Gjennom Samarbeidsdesken får små redaksjonar tilgang til kompetanse, dataverktøy og fellesskap som dei aldri ville hatt kapasitet til å utvikle åleine. Desken har allereie levert omfattande prosjekt og materiale som har resultert i hundrevis av journalistiske saker – mange av dei med stor samfunnsmessig verdi. Berre på eit lite år har over 80 lokalaviser nytta deg av data utvikla av Samarbeidsdesken.

Prosjektet er lokalisert i Medieklyngen i Bergen og har også opna for breiare deltaking frå mellom anna Fagpressen og lokalradio.

Samarbeidsdesken har i oppstarten vore finansiert med innovasjonsstøtte frå Medietilsynet, vesentleg støtte frå Fritt ord, ressursar frå NRK, SUJO og LLA. Frå 2025 har samarbeidsdesken også fått støtte over statsbudsjettet. For å vidareføre og vidareutvikle denne viktige journalistiske infrastrukturen treng Samarbeidsdesken ei fast, årleg løyving på 3,5 millionar kroner frå og med 2027. Det er viktig å peika på at både SUJO og LLA er to partar som er like viktige for at prosjektet skal lukkast. På same måte som at NRK er avgjerande, der dei stiller med både lokale og prosjektleiar utan kostnad for prosjektet.

LLA meiner at samarbeidsdesken er eitt av dei mest effektive tiltaka for å sikre reelt mediemangfald og kvalitet i norsk lokaljournalistikk framover. Vi meiner dette er det største løftet som er gjort for å bidra til meir undersøkende og gravande journalistikk i norske lokalaviser. Her ser vi og stor internasjonal interesse frå myndigheiter og lokalaviser i Sverige, Finland og Danmark.

- Etterutdanning viktigare enn noko gong

LLA arbeider særskildt aktivt med kompetansetiltak og opplever at vi i dag er eit kompetansesenter for lokalavisene, med både seminar, kurs, innovasjonstiltak, innhaldsprosjekt og rådgjeving. LLA har årleg over 700 som arbeider i lokalavisene med riksdekkande, regionale, lokale og bedriftsinterne kurstiltak. Dei seinare åra har vi og levert stadig meir digitale kurs, webinar.

I tillegg legg LLA ned eit stort arbeid for å dele viktig fagleg innhald gjennom Idébanken, som er open for alle.

Den årlege støtta LLA får gjennom etterutdanningsmidlar har vore og er ein føresetnad for at LLA skal klare å levere så omfattande kompetansetiltak og drive samarbeidsdesken.

- Aksjonsfond – Ny støtteordning retta mot dei mindre lokalavisene

I dekningsområda til våre lokalaviser dukkar det opp store hendingar som stundom krev langt større ressursar enn det lokalavisa har moglegheit til å ta hand om. Det er umogleg å planlegge ut frå eksempelvis slike hendingar. Vi kan nemna at det dei siste åra har vore tre trippeldrap midt i kjernen til våre lokalaviser. Saker som er krevjande og som er vanskelege å dekke med dei ressursane lokalavisene har i det daglege. Vi har og hatt Frosta-saken, der lokalavisa Frostingen var tydeleg på at dei ikkje kunne gjera samfunnsoppdraget sitt på ein god nok måte. Med rettssak over fleire månader langt frå deira redaksjonslokale vart dette for kostbart for ei lita avis med sårbar økonomi. Dei etterlyste i den samanheng eit aksjonsfond.

Vi har og fleire eksempel på aviser i seinare tid om har større gravesaker dei ville gjennomført, men som dei ikkje har høve til å gjennomføra, grunna økonomi.

Dette er tydeleg døme på eit behov for støtte til å gjere viktig journalistikk

LLA ønskjer at det under mediestøtta blir tilført midlar til eit aksjonsfond som kan stille med ressursar raskt ved ekstraordinære behov.

Det er også vanskeleg for mange mindre aviser å setje av ressursar til journalistiske prosjekt/saker som krev mykje arbeid. Det er samstundes viktig for at lokalavisene skal løfta kvaliteten at dei kan gjennomføre meir omfattande undersøkende journalistikk.

For å kunne delta på kurs og for å drive "graveprosjekt" vil eit aksjonsfond vere viktig både for å ha nok journalistiske ressursar og kompetanse og råd til vikar når dei faste journalistane skal gå i djupna.

- Lyd & bilde

Støtta til lyd og bilde prosjekt i lokalavisene er viktig. Denne støtta har gjort det muleg med både pilotprosjekt i enkeltaviser og felles kompetansetiltak for at lokalavisene kan levere godt på levande bilder og lyd av høg kvalitet. Dette er spesielt viktig for å nå unge målgrupper.

LLA ønskjer difor at denne støtta blir vidareført og helst styrka.

Støtta til lyd og bilde utfyller innovasjonstøtta, ved å gå mest til organisering og gjennomføring av felles prosjekt og kompetansetiltak, utan at enkeltaviser må bruke ressursar på søknadsprossessar.

- Distribusjon av papiraviser

Til tross for at lokalavisene digitaliserer for fullt, og lukkast bra med dette, er dei fleste lokalavisene framleis avhengig av papiravisa for å finansiere journalistikken. Dei fleste lokalaviser har heile eller store delar av abonnentane i grisgrendt geografi der det ikkje er muleg med eigen avisdistribusjon.

Kompensasjonsordninga ved anbod når Posten reduserte frekvens, frå juli 2020 har vore og er avgjerande viktig, og ei god løysing for lokalavisene.

For dei fleste lokalaviser er ei vidareføring av anbodet som nå gjeld til juli2026 heilt avgjerande for å ta vare på den viktige økonomien papiravisa representerer til finansiering av lokal

journalistikk. Dei fleste lokalaviser vil måtte kutte i redaksjonane dersom dei ikkje får distribuert papiravisa, og det er fare for at ein god del av dei minste avisene ikkje vil klare seg vidare.

- Støtte til lokalradio

Lokalradioane opplever ekstra krevjande tider og dersom dette tilbodet skal oppretthaldast synest det nødvendig med støttetiltak rakst.

LLA ser lokalradioar som ein del av eit mediemangfald det er viktig å ta vare på, og rår til at det blir løyvd friske midlar til å finansiere styrking av journalistikken i lokalradioane.

- Momsfritaket må utvidast og bli heilt plattformnøytralt

Momsfritaket for digital publisering av journalistikk frå 2016 har vore ein suksess og sikra at Norge er i verdstoppen i digitalisering av mediene.

Men avvikling av deler av fritaket frå 2023 er uheldig og hindrar nå viktig innovasjon.

Lyd og levande bilde er nettopp dei kanalar som er nødvendige for å nå ungdom.

LLA ser det som viktig at momsfritaket for norsk journalistikk igjen blir plattformnøytralt.

- NRK og deira rolle

NRK som allmennkringkastar har til nå ikkje vore til hinder for at vi har kunne hevde at landet vårt har vore i verdstoppen i mediemangfald.

Med det maktforholdet i ressursar som er mellom statsinstitusjonen NRK og lokalavisene er det heilt avgjerande at kravet til NRK om å bidra til mediemangfald blir gitt forpliktande innhald.

Lokalavisene har tidlegare vore redde for at gratis NRK-nettsider skal vere med på å redusere betalingsviljen i lokalavisene. Per i dag ser dette ikkje ut til å vere ei vesentleg utfordring, og i det alt vesentlege opplever lokalavisene at dei har ei grei arbeidsdeling med NRK, og i liten grad er i direkte konkurranse.

Det er viktig at NRK bidrar til mediemangfald utover enkeltprosjekt. Samarbeidsdesken, som er eit samarbeid mellom NRK, SUJO og LLA er uvurderleg viktig for mangfaldet av mindre lokalaviser. Her leverer NRK midt i blinken på å bidra til mediemangfald overfor lokalaviser, som på denne måten kan levere meir viktig undersøkende journalistikk.

At NRK har på denne måte set av ressursar til kontinuerleg samarbeidstiltak med lokalavisene bør vere ein del av NRK-plakaten.

Det er avgjerande korleis NRK brukar nettsida i praksis. Den omlegginga som vart gjort for ein del år sidan reduserte gnissingane med lokalavisene.

Tilgang til NRKs arkiv kan vere viktig for lokalavisene, ikkje minst ferske saker. Aller helst skulle lokalavisene kunne få tilgang til alle saker NRK publiserer så nær sanntid som mogleg.

Oslo/Husnes 28. mai 2025

Landslaget for lokalaviser

Tomas Bruvik

Generalsekretær

Den største styrken til det norske samfunnet er at vi har tillit til samfunnsinstitusjonane, både offentlege og frivillige organisasjonar. Det gjer òg at vi har tillit til kvarandre som menneske. I

sum er dette grunnlaget for tilliten til demokratiet. Utan journalistikk som set kritisk søkelys på alle delar av samfunnet, og i alle delar av samfunnet og som er med på å skape eit gjennomsiiktig samfunn, kjem tillitssamfunnet gradvis til å forvitte. Kostnaden ved det er urekneleg økonomisk og utåleleg for livskvaliteten.

Landslaget for lokalaviser (LLA) er interesseorganisasjonen for over 120 lokalaviser over heile landet. LLA arbeider for betre rammevilkår, frå ytringsfridom og innsyn til pressestøtte. LLA har i mange år satsa tungt på å hjelpe lokalavisene med digital utvikling og innovasjon. LLA driv eit omfattande kompetansearbeid med idébank, rådgjeving og skreddarsydde kurs. Over 800 lokalavismedarbeidarar deltek årleg på kurs og seminar. LLA har også fleire tiltak for å styrke journalistikken i lokalavisene. Den viktigaste satsinga er samarbeidsdesken, der LLA, NRK og Senter for undersøkende journalistikk (SUJO) saman løftar den undersøkende journalistikken gjennom felles datainnhenting og kompetansebygging.